

TIL FYLKESORDFØRAR JON ASKELAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

SPØRSMÅL TIL VESTLAND FYLKESTING 16. OG 17.JUNI 2021 OM VINDKRAFT.

1. Kor mange vindkraftanlegg er bygd, er under byggjing og er godkjend men ikkje bygd i Vestland fylke – kor er desse lokalisert og kor store areal dekkar dei?
2. Kor mange vindkraftanlegg er det i tillegg søkt om, men er til ulike typar handsaming (t.d. planmeldt til NVE eller til ankehandsaming i OED – og kor er desse tenkt plassert i Vestland fylke - og på kor stort areal kvar?)
3. Kva eigarselskap står bak dei ulike vindkraftprosjekta i Vestland fylke som er bygd, under byggjing eller søkt om, og kor stor eigardel er utanlandske?
4. I fylkestinget i juni i fjor vart det m.a. vedtatt: «Vestland fylkesting vil ikkje ha utbygging av vindkraft i urørd natur eller på bekostning av viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv, og som er i strid med kommunestyrevedtak.»  
Når vedtaket er at fylkestinget ikkje vil ha utbygging i strid med kommunestyrevedtak, har fylkesordføraren utifrå dette sendt melding til NVE og OED om vårt syn i dei aktuelle sakene?